



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 39, 10. november 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Lyser ut tre dekanstillinger

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillinger med søknadsfrist 2. januar 2023. Dei tre avdelingane er Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie og humanistiske fag og lærarutdanning. Dei fireårige åremåla til dei tre dekanane går ut 31. juli 2023.

LES MEIR



Rektorvalet: Forlenga frist - går ut i natt

Valstyret har forlenga fristen for å lansere kandidatar som ny rektor. Samtidig har valstyret opna for at rektoratet både kan vere samansett av ein rektor og ein prorektor i 100 % stilling, eller ein rektor i 100% stilling og to prorektorar inntil 100 % stilling til saman. Fristen for å kome med nye kandidatar går ut ved midnatt, natt til fredag.

[LES MEIR](#)

Styre og stell



hivolda

Selma Ibrahim • BlimE! - Den Ene



Anne Helene
Rådgjevar

Odd Helge
Prorektor



Studieadmin. / Leinga

BlimE på dansen - også på HVO-Instagram

NRK Super har oppmoda alle til å [bli med på "BlimE"-dansen fredag 11/11 kl 12.00](#). Om du ikkje allereie har full kontroll på koreografien, har ein gjeng særst sporty HVO-tilsette spelt inn ein aldri så liten opplæringsfilm! Den kan du sjå på Instagram @hivolda. Vi håper både studentar, tilsette og andre mottakarar av nyheitsbrevet vil kaste seg med i dansen!

100 påmelde på julebordet - fristen går ut over helga

Fristen for å melde seg på HVO-julebordet er komande måndag. Det er framleis høve til å melde seg på ved å klikke på lenka i e-posten frå Arne Myklebust 2. november. Det er per no ca. 100 påmelde på julebordet som blir arrangert på Ulstein Hotell.

200 påmelde på Kaarstad-festen

Det har pr no meldt seg på ca. 200 personar på markering av 100-års jubileet for Henrik Kaarstad-huset 16. november. I tillegg skal eit stort tal tilsette bidra med programinnslag og ikkje minst vert det truleg over hundre musikarar og korsongarar med på festkonserten på kvelden. Dette arrangementet er ope så det blir spennande å sjå kor mange som tek turen til BK kantina onsdag 16. november kl 17.00

Datatips: Filesender

Om du skal sende svært store filer så vil e-posten protestere og nekte. Høgskulen har tilgang til eit verktøy som kan klare oppgåva: Filesender. Som er tilgjengeleg via vår dataleverandør, sikt: <https://filesender.sikt.no> Du loggar deg på med Feide. Hans Førde sende meir detaljert informasjon om Filesender til alle tilsette 4. november.

Studium og studentliv

No kan du søke studieplass våren 2023

Høgskulen i Volda har 50 studietilbod som tek til i januar 2023, og det har vorte mogleg å søke på dei frå 1. november. [Les meir om studietilboda på nettsidene våre](#).

Gaflar i seg kantine-gaflar?

Kantina melder om stort svinn av - gaflar. Av ein eller annan grunn vert det stadig vekk tomt i gaffel-skuffa så kantina har måtta supplere med innkjøpa av nye gaflar -

fleire gonger. Så om nokon uhemma har gafla til seg gaflar og bygd opp eit lager vert dei med dette oppmoda til å rydde opp og levere bestikken tilbake til kantina.

Menyen i kantina komande veke

Måndag: Vegetarballar med fløytesaus og heimelaga potetmos 14,90 pr hg

Tysdag: Fiskegrateng med smelta smør og råkostslat 14,90 pr hg

Onsdag: Kebab-buffet 14,90 pr hg

Torsdag: Potetball med tilbehør 14,90 pr hg

Fredag: Tacobuffet 14,90 pr hg

Fag og forskning

Ryslett og Vikane deltok på verdskongress i Mat og helse

Førsteamanuensis Jan Håkon Vikane og førstelektor Kari Ryslett, begge AHL, har delteke på verdskongressen i Mat og helse, eller home economics som det vert kalla på engelsk. Ryslett og Vikane fortalde på konferansen om samisk dag ved barnehagelærerutdanninga i Volda - ein årleg tradisjon med undervisning i fagområdet Natur, helse og rørsle. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Programkomite til samskapings- og innovasjonskonferanse i 2023

Avdelingane har peika ut faglege representantar til ein programkomite til ein samskapings- og innovasjonskonferanse som Høgskulen skal arrangere i Volda i 2023. Dette vert ein heilt ny konferanse der målet er å syne fram samarbeid som høgskulen har med arbeidslivet gjennom praksis, studentarbeid, forskings- og utviklingsprosjekt og andre former for samarbeid. Og gjerne å finne fram til nye samarbeidspartar og former. Medlemmene er Torhild Høydalsvik, AHL, Endre Eidsaa Larsen, AMF, Bjarte Folkestad, ASH og Karen Brønne, AKF (inntil vidare: dekan Unni Hagen, AKF). Rektor Johann Roppen leiar komiteen

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent

med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Nytt om HVO-tilsette

Lene Mo Flataker har vorte tilsett som vikar som førstekonsulent på Kommunikasjon
Ida Marie Jegteberg, AHL, har teke til i 4-årig åremålsstilling som stipendiat
Isabella Rubie Pareliussen, AHL, har fått fagleg opprykk til høgskulelektor
Gunhild Nordvik Reite, AHL, har fått fagleg opprykk til førstelektor
Wenke Mork Rogne, AHL, har fått fagleg opprykk til professor
Linn Ulstein, AHL, har vorte engajsert som vikar
Endre Eidså Larsen, AMF, har fått opprykk til førsteamanuensis.
Margit Ystanes, ASH, har teke til i 20 % åremålsstilling som førsteamanuensis II

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Kari Ryslett: Presentasjon av poster på konferanse på NORD-universitet

Førstelektor Kari Ryslett, AHL, har stilt med poster på Mat og helsekonferansen 2022 ved NORD Universitet (Levanger), 3.november 2022. Ryslet sin poster høyrde til kategorien Praktisk eksempel frå mat og helse undervisninga og var eit undervisningsopplegg med tittelen: "NOWRUZ – persisk nyttår. Mat og måltid som identitets- og kulturuttrykk i mat og helse."

Maiken Marie Jordal: Livsmestring og skolevegring"

Stipendiat Maiken Marie Jordal har delteke på "Eilerts salong" ved Universitetet i Agder, der temaet var [Livsmestring og skolevegring](#)

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

- [Studiedirektør - søknadsfrist 14.11.2022 \(Forlenga frist\)](#)
- [Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.11.2022](#)
- [Sivolda: Barne og ungdomsarbeidar - søknadsfrist 23.11.2022](#)
- [Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)
- [Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 2.1.2023](#)
- [Dekan: Avdeling for kulturfag - søknadsfrist 2.1.2023](#)
- [Dekan: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 2.1.2023](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

16.11.2022: [100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset](#)

18.11.2022: ASH Avdelingsseminar

23.11.2022: [Nettverkstreff: Kvinner i forskning på HVO](#)

24.-25.11.2022: AHL Avdelingsseminar, Loen

8.12.2022: [Høgskulestyret](#)

9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik

9.-16.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)

15.12.2022: AKF Juleavslutning

16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO

8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
16.-17.3.2023: Avdelingsseminar ASH
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

2.11.2022: [Orientering til høgskulestyret, styremøte 3.11.2022](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)